

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 15.07.2014

Vår ref.: 200802360-16

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ane Nasset Ramtvedt 22 95 94 58

Marthe Laureen Helland 22 95 90 74

Fleire søkjarar – Søknadar om løyve til å byggje to småkraftverk i Tokke kommune – høyring

NVE har motteke to søknadar om løyve til å byggje to småkraftverk i Tokke kommune. Søknadane skal handsamast på same tid og samla belastning for området skal vurderast. NVE ynskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men også begge sakane samla viss det er aktuelt.

Lårdalsåi kraftverk – Eik Falleigarlag

Kraftverket vil nytte fallet i Lårdalsåi mellom inntaket på kote 166 ved Nydam og kraftstasjonen på kote 75. Det er planlagt røyrgate i nedgraven/nedsprengt grøft over ei strekning på 750 meter. Det er behov for 300 meter ny veg til inntaket, som òg vil bli nytta som tilkomst til kraftstasjonen i Lårdal kraftverk. For nedste del av traseen, mellom kote 105 og 75, vil ein måtte nytte tilkomst frå begge sider, og det vil bli etablert 70 meter ny veg. Middelvassføringa er 840 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1700 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,2 MW og etter planane gje ein produksjon på 3,4 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 36 l/s heile året.

Lårdal kraftverk – Vest-Telemark kraftlag AS

Kraftverket vil nytte fallet i Lårdalsåi mellom inntaket på kote 398 ved Kleivi, ned til kraftstasjonen på kote 166 ved Nydam. Vassvegen er 1340 m lang og er planlagt nedgrave i grøft. Det er behov for 300 meter ny veg til kraftstasjonen og 30 m ny veg til inntaket. Vegen til inntaket er også planlagt å bli nytta som tilkomst til inntaket til Lårdalsåi kraftverk. Middelvassføringa er 803 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2000 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,5 MW og etter planane gje ein produksjon på 8,7 GWh. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 35 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Søknadane skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadene med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber kommunen leggje 2 eksemplar av søknadane ut til offentlig ettersyn på **kommunehuset** fram til **22. september 2014**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. NVE har utarbeida eit kart over dei omsøkte kraftverka som no er på høyring, sjå vedlegg eller NVE sine nettsider. Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring, til endelig vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogleg og seinast innan **22.9.2014**. Det er òg mogleg å sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det derfor ein fordel om det vert lagt ved eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Ane Næset Ramtvedt
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.settes automatisk inn ved ekspedering

Vedlegg:

Mottakarliste:

Direktoratet for Mineralforv. med Bergmesteren for Svalbard
Eik Falleigarlag c/o Clemens Elvekraft AS
Forum for Natur og Friluftsliv Telemark
Fylkesmannen i Telemark
Naturvernforbundet i Telemark, Naturvernforbundet i Grenland
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Norges Padleforbund
Norsk Ornitologisk Forening Avd Telemark
Skagerak Nett AS
Statens vegvesen Region øst
Telemark fylkeskommune
Tokke kommune
Vest-Telemark Kraftlag AS

